

Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

---

<b>Dato</b>	10.11.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/53472-7
<b>Dykkar referanse</b>	21/60
<b>Sakshandsamar</b>	Cathrine Gunn Grasdal
<b>E-post</b>	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
<b>Telefon</b>	90526060

## Fråsegn til detaljreguleringsplan - bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 – Offentleg ettersyn

Vi viser til brev datert 09.09.22 om høyring av forslag til detaljregulering for bustadområde B07 og skuleområdet ved Austrheim vidaregåande skule. Hovudføremålet med områdeplanen er å leggje for byggjeområde for bustader med tilhøyrande infrastruktur og uteopphaldsareal. Planen legg også opp til utbetring av tilbodet til mjuke trafikantar langs fv. 5504 Mastrevikane. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 20.04.21. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:  
[www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettlegging](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettlegging).

### Vurdering

Vestland fylkeskommune viser til innspel til oppstart når det gjeld temaa planfaglege merknader, folkehelse, landskap og friluftsliv dagsett 20.04.21

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. I samband med varsel om oppstart av planarbeidet varsla Vestland fylkeskommune arkeologisk registrering. Registreringa vart utført 06.06. og 17. 06. 2022 og det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Rapport frå den arkeologiske registreringa og faktura for arbeidet vert ettersend.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt friggeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

#### Infrastruktur og veg

Fylkeskommunen har vore i dialog med Austrheim kommune om vegløyisingane i reguleringsplanen. Den trafikale situasjonen i Mastrevikane er uoversiktleg og vi har peika på behov for å betre trafikktryggleiken. Vi meiner det er uheldig at planen ikkje løyser fleire av dei trafikale utfordringane.

Det er foreslått ei ny avkøyrslø langs fylkesvegen. Fylkeskommunen er i utgangspunktet kritisk til oppretting av nye X-kryss. Vestland fylkeskommune meinte i utgangspunktet at tilkomst frå fylkesvegen til o\_SKV5 og etablering av avkøyrsla burde løysast med å kopløst på o\_SKV4 og ikkje gå direkte inn i fylkesvegen. Oppretting av avkøyrslø her vil føre til at ein får eit X-kryss. Etter dialogmøtet med Austrheim kommune og ein totalvurdering av staden og trafikkmengda vart det semje mellom fylkeskommunen og kommunen om at planen kan stå som den er.

I dialogmøtet med Austrheim kommune tok Vestland fylkeskommune opp at det burde setjast rekkefølgjekrav til utbetring av krysset mellom fv. 5504 Mastrevikane og fv. 565 Austrheimvegen, inkludert busshaldeplassen på staden. Det vart semje i møtet om at kommunen skulle ta inn rekkefølgjekrav for opparbeiding av bussanlegget slik det er regulert i reguleringsplan for *Gang/sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy*. Det må inngåast ein gjennomføringsavtale med fylkeskommunen for opparbeiding av dette. Vi rår til å ta dette med i føresegnene. Det vart semje om å knyte rekkefølgjekravet til før igangsetting av bygging av ny skule.

Fylkeskommunen er i hovudsak positiv til at planen legg til rette for utbetring med gang- og sykkelveg langs fylkesveg 5504 Mastrevikane. Vi meiner i utgangspunktet at det burde vera knytt rekkefølgjekrav til utbetring og etablering av gang- og sykkelvegen, men ettersom det er etablert fortø, så vurderer vi det slik at vi ikkje vil ha motsegn til dette punktet.

Pilene som viser avkøyrslø i reguleringsplanforslaget bør erstattast med faktiske teikningar av avkøyrsløene.

#### Eigedom

Saka er teken opp med områdeleiar drift og direktør for eigedomsavdelinga hjå fylkeskommunen. Vi har ikkje nye opplysningar knytt til om fylkeskommunen skal bruke dagens skuleeigedom ved bygging av ny vidaregåande skule i framtida, eller om skulen skal lokaliserast anna plass i kommunen. For å avklare dette er vi også avhengig av å vente til ny skulebruksplan er på plass.

Slik situasjonen er, har vi difor ikkje merknader til kommunens planforslag for dette området, og vi ser også at kommunen i sitt planforslag har kome oss i møte med ved å regulere inn eit tilleggsareal til undervisning.

## **Konklusjon**

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne og kulturmiljø, infrastruktur og veg, og eigedom. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
NPI – Plan, klima og analyse

**Cathrine Gunn Grasdøl**  
rådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift*

**Sakshandsamarar:**

Andreas Sivertsen Våge – Forvaltning Bergensområdet – INV

Sigrun Wølsted – Arealplan – KII

Guro Klyve – Stab - ORO

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 1010 Nordre Ål

Statens hus - Njøsavegen 2